



ÅRSMELDING
STATENS INNKREVJINGSSENTRAL

FORTELJINGA FRÅ **SIDE** TIL SIDE

4 – 5	Milepælane
6 – 7	Nøkkeltal • SI • Oppdragsgjevarane • Historiske tal
8 – 9	Orda frå direktøren
10 – 11	Organisasjonskart • Leiarar
12 – 19	Dei gode historiene om digitalisering
20 – 25	Innkrevjingstenesta
26 – 28	Driftssentralen
29 – 31	Om oss
32 – 46	Forteljinga i tal

Milepælane

- Komplette UTLEGGSDATABASE
- E-TENESTELØYSING blir lansert
- KLART SPRÅK-BREVMODUL i produksjon
- Farmand-sølv FOR BESTE OFFENTLEGE NETTSTAD
- ÅRETS Difi-RAKETT i kåringa av beste offentlege nettstad
- Fyrste INNBYGGJARUNDERSØKING med god score

DET FINNAST
ALLTIDE I
LØYSING

Ny e-teneste-
løysing

Årets Rakett

Nest beste
nettstad

Ny
brevmodul
– Klart Språk

God score på
innbyggjar-
undersøking

Komplett
utleggsdatabase

2013



Nøkkeltal

	2011	2012	2013
Totalt innkravd beløp (mill. kr)	3 785	3 779	3 769
Innkravd beløp pr. årsverk (mill. kr)	12,65	12,76	12,68
Talet på nye krav til innkrevjing (heile tusen)	1 190	1 207	1 196
Fakturert beløp (mill. kr)	4 562	4 515	4 872
Løysingsprosent *	30,2 %	29,6 %	29,7 %
Innbetalingsprosent **	27,1 %	27,1 %	26,1 %
Driftskostnader pr. innkravd 1000 kr	63,54	64,57	68,59
Lønskostnadsdel	55,9 %	56,3 %	55,00
Oppretthaldingsgrad ***	1,58	1,13	0,82

* Fullt ut oppgjort i prosent av totalt beløp til innkrevjing i kvart av åra.

**Innbetalt beløp i prosent av totalt beløp til innkrevjing i kvart av åra.

*** Oppretthaldingsgrad viser verdien av anleggsmidlane pr. 31.12 samanlikna med verdien pr. 01.01. same år.



Oppdragsgjevarane

Oppgåva til SI er å krevje inn pengekrav frå statlege etatar. SI krev inn 193 ulike kravtypar for 35 ulike oppdragsgjevarar. Innkrevjinga er regulert i lovar, forskrifter, instruksar og samarbeidsavtalar med oppdragsgjevarane.

Dette er våre oppdragsgjevarar fordelt på ulike departement:

- **Arbeids- og sosialdepartementet**
Direktoratet for arbeidstilsynet
- **Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet**
Forbrukarombodet
- **Finansdepartementet**
Finanstilsynet, Statistisk sentralbyrå og Toll- og avgiftsdirektoratet
- **Forsvarsdepartementet**
Forsvarsdepartementet og Forsvarsbygg
- **Helse- og omsorgsdepartementet**
Helsedirektoratet, Norsk pasientskadeerstatning, Pasientskadenemnda og Statens legemiddelverk
- **Justis- og beredskapsdepartementet**
Justis- og beredskapsdepartementet, Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap, Kontoret for voldsoffererstatning og Politidirektoratet
- **Klima- og miljødepartementet**
Miljødirektoratet
- **Kommunal- og moderniseringsdepartementet**
Datatilsynet, Husbanken og Statens kartverk
- **Kulturdepartementet**
Lotteri- og stiftelsestilsynet, Medietilsynet, Norsk filminstitutt og NRK Lisensavdelingen
- **Kunnskapsdepartementet**
Kunnskapsdepartementet og Statens lånekasse for utdanning
- **Nærings- og fiskeridepartementet**
Brønnøysundregistra, Direktoratet for mineralforvaltning, Fiskeridirektoratet, Mesterbrevnemnda og Sjøfartsdirektoratet
- **Olje- og energidepartementet**
Noregs vassdrags- og energidirektorat
- **Samferdselsdepartementet**
Statens vegvesen
- **Statsministerens kontor**
Regjeringsadvokaten
- **Utanriksdepartementet**
Utanriksdepartementet og Fredskorpset



Statens innkrevjingsentral


Statens innkrevjingsentral (SI) er ein statleg etat under Finansdepartementet. SI utfører innkrevjingsoppgåver på vegne av staten og statlege oppdragsgjevarar. I 2013 kravde SI inn nær 3,8 milliardar kroner. SI bidrar aktivt til samordning og effektivisering i offentleg sektor. SI har utvikla eit felles sakshand-

samingssystem (SIAN) for SI og det alminnelege namsmannsapparatet for dei sivile gjeremåla. SIAN er drifta, forvalta og vidareutvikla av SI og har om lag 2500 brukarar. SI forvaltar og driftar økonomisystemet for Politi- og lensmannsetaten i Noreg (PLØS), og rekneskapssystem for ikkje-statlege mid-

lar i politiet (RIM). SI har etablert og driftar Utleggsdatabasen (UB). UB koordinerer utlegg for namsmyndigheiter for å styrke rettstryggleiken til den enkelte. SI held til i eit moderne kontorbygg i Mo i Rana og hadde ved årsskiftet 368 tilsette.



Historiske tal 1991 til 2013





Orda frå direktøren

Meir digitalisert innkrevjing

Nok eit år er omme, og det har vore eit godt år for SI. 2013 oppsummert blei eit år kor vi heldt fram der 2012 slutta, nemlig med solid innkrevjingsarbeid utført av høgkompetente medarbeidarar, stor satsing på digitalisering av innkrevjinga og fleire elektroniske tenester til innbyggjarane og oppdragsgjevarane. Dette blir vidareført også i 2014.

SI held altså det vi lover. Vi har sagt at vi ynskjer å vere til teneste for innbyggjarane, oppdragsgjevarane og alle andre som er i møte med oss, uavhengig av kva for ein kanal dei vel å møte oss i.

Resultatet av innkrevjinga i 2013 blei 3,8 millionar kroner. Det er 10 millionar kroner mindre enn året før. Årsaka til nedgangen er færre innkravde kroner frå tvangsinnkrevjinga. Det er ikkje på grunn av at innkrevjingsarbeidet ikkje går så bra, men er eit uttrykk for verknaden av ein komplett utleggsdatabase og eit verktøy for å rekne ut korrekte trekk. Resultatet er ei styrking av rettstryggleiken til dei som er skuldig staten pengar. Ingen er tent med at urettmessig høge trekk i løn eller trygd blir gjennomført av offentlege innkrevjarar fordi innkrevjarane ikkje ser kvarandre eller fordi vurderingane blir gjort på feil grunnlag. Digitale løysingar har ei vesentleg rolle på dette området, og her ligg vi heilt i front av utviklinga. For å styrke nettopp rettstryggleiken og opne opp for informasjon flyt mellom ulike offentlege aktørar som er partar i innkrevjinga, lanserte vi i 2013 elektroniske tenester på internett for våre oppdragsgjevarar. Dei er det 35 av, og dei kan no arbeide på ei digitalisert plattform som gir innsyn i korleis innkrevjinga går, og ikkje minst legg til rette for trygging av at det som skjer, er korrekt.

Innsatsen vi legg ned for å digitalisere og tilby elektroniske tenester, blir lagt merke til. Det same blir den høge kompetansen våre tilsette har, og ikkje minst den servicen

vi yter i alle kanalar. I 2013 var SI for fyrste gong med i den store Innbyggjarundersøkinga til Difi. Vi oppnådde ein score vi er veldig stolt av og som fortel oss at vi er på rett veg. I tillegg blei vi kåra til Årets Rakett av Difi for det vi har levert på kort tid gjennom nettsatsinga vår. Vi gjekk frå ein til fem stjerner i vurderinga av nettsidene våre i Difi. Nettsidene fekk også sølv da Farmandprisen for beste offentlege nettsted blei delt ut.

Vi opplever også at SI stadig oftare blir invitert til å fortelje om kva vi gjer og korleis vi gjer det, på dei ulike områda innanfor digitalisering. Det gjer vi gjerne anten det handlar om førespurnader frå enkeltverksemdar eller i samband med seminar og konferansar. Vi ynskjer å dele den kunnskapen vi har, med andre.

Men det er ikkje berre eit godt innkrevjingsresultat og prisar som fortel oss at vi er på rett veg. SI gjennomfører kvart år brukarundersøkingar for å få svar på kva enkeltmenneske og organisasjonane som har med oss å gjere, meiner om servicen vi yter og tenestene vi tilbyr.

Svara vi får, stadfestar inntrykket av at vi er på rett veg anten det gjeld tenestene vi leverer til politietaten, innbyggjarane eller oppdragsgjevarane. Sakshandsamingssystemet for alminneleg namsmann, SIAN, som blir brukt i den sivile rettspleia, leverer som lova. Det same gjer økonomi- og rekneskapsystemet PLØS. Sistnemnde blei i 2013 oppgradert til ein heilt ny versjon innanfor avtalt tid og budsjett. Innbyggjarane gir oss på si side tilbakemelding om at servicen dei får når dei møter oss, anten det er på telefon eller på internett, er god. Den kan alltid bli betre og det arbeider vi med kvar dag for å få til. Sentralt i dette er arbeidet vårt med Klart Språk i alle kanalar. Klart Språk er ein føresetnad for å lykkast og vi ser effekten av innsatsen vår på området. Tilbakemeldingane frå borgarane er at dei enklare forstår

kva vi ynskjer at dei skal gjere og kva som er pliktane og rettane deira. Gledeleg i denne samanhengen er at veksten i bruken av dei digitale løysingane våre – e- tenestene – er sterkt aukande. Fleire bruker internett for å hjelpe seg sjølv, og vi ser at talet på førespurnader på telefon har begynt å gå ned.

SI blei omorganisert i 2012 for å styrke nettopp digitaliseringa, yte betre service i alle kanalar og å få til ei meir effektiv innkrevjing. Vi valde å prosessorganisere oss. Det har ikkje skjedd utan smerter, men i 2013 såg vi at den nye måten å arbeide på, begynner å falle på plass, og at den vil ha stor verdi i åra fremover. Kontinuerleg endring av både organisasjonen, prosessane og IT- systema er kome for å bli. Endring er nødvendig om SI skal tilfredsstille dei krava innbyggjarane, oppdragsgjevarane og dei overordna styresmaktene stiller til oss. Evalueringa av prosessorganiseringa på SI gjort av eksterne konsulentar viser at vi er kome svært langt i gjennomføringa.

SI meiner det alvorleg når vi seier «Det finnast alltid ei løysing!» I det ligg det ein klar tanke om at dei som er skuldig staten pengar, skal få ei rimeleg moglegheit til å gjere opp for seg. Eg har vore med på denne ferda siden oppstarten. Kort fortalt frå 60 tilsette og 400 millionar kroner innkravd til 370 tilsette og snart fire milliardar kroner innkravd.

No er det over for mitt vedkommande etter som eg i løpet av våren 2014 blir pensjonist. Eg overlet roret til ein ny leiar av eit SI som er framtidsretta, effektivt og som har eit mannskap som med den sjølsagde ting arbeider med å få til digitale fyrsteval for innbyggjarane, som vil levere eit godt møte med SI kvar dag, og kor det å vere best for pengane er viktig. Det er difor god grunn til å avslutte med å gi ein honnør til alle tilsette for innsatsen dei har lagt ned for å utvikle SI til det vi er ved utgangen av 2013.


Direktør






Organisasjonskart



Leiarar



STRATEGI
Ben Brynlund



PROSJEKT
Mette Fallhei



ADMINISTRASJON
Berit Bjørkmo



ASS.DIREKTØR
Christel Halsen



INNKREVJING
Stig Solem



JURIDISK
Heidi Dahl



ARKITEKTUR
Axel Birkeland



DRIFTSENTRAL
Anita Gjesbakk



ARKITEKTUR
Widar Aakre



HR
Johanna Lensu



INFORMASJON
Tore Bratt

SI til teneste

BEST
PÅ
NETT

KLART SPRÅK

KONTINUERLEG
TILPASSING

DIGITALISERT
INNKREVJING

BRUKAR-
ORIENTERT



Brukaren i sentrum

Det er viktig for SI at brukarane av tenestene opplever eit godt møte når dei kontaktar SI.

Når SI utviklar nye tenester til brukarane, eller vidareutviklar allereie eksisterande tenester, er grunntanken at det vi gjer, skal vere brukar-tilpassa. Uavhengig av kva for ein kanal tenesta skal etablerast i, er målet å forstå brukarbehova før vi går i gang med å endre og utvikle.

For å forstå brukarane, anten det dreier seg om skyldnarane som skal betale inn pengar til oss, oppdragsgjevarane som bruker SI som innkrevjar eller brukar av IT-systema våre, gjennomfører vi kvart år brukarundersøkingar. Målet med undersøkinga er å få kunnskap om i kva for ein grad brukarane er fornøgd med dei tenestene vi leverer, den servicen vi yter og ikkje minst få innspel til konkrete forbetringar og endringar.

Resultatet av brukarundersøkinga SI gjennomførte i 2013, viser samla at vi er på rett veg i mykje av det vi gjer, men også at det er betydeleg

rom for forbetringar. SI er kome langt med den brukarorienterte utviklinga si av tenester og service. Det har vi ikkje kunne få til utan å spørje brukarane. Vi gjer dette på mange måtar. Mest brukt er brukarundersøkingar i form av spørjeskjema på nett som er kvantitative. I tillegg gjennomfører vi kvalitative undersøkingar knytt opp mot utvikling av enkelttenester der brukarane blir knytt tett opp til sjølve utviklingsprosessen så tidleg som mogleg. Det er med på å sikre oss at vi treff på fyrste forsøk med tenestene vi utviklar og servicen vi yter.


I 2013 har SI gjennomført brukarundersøkingar på områda:

- Telefonitener
- Klart språk i brev
- Brukarvenlegheit i nettsidene

I tillegg spør vi også oppdragsgjevarane våre for å avdekkje i kva for ein grad dei er fornøgd med korleis vi løyser innkrevjinga på vegne av dei.

OPPDRAKSGJEVARANE


I kva for ein grad er bedrifta di fornøgd med resultatet av innkrevjinga som SI utfører på vegne av dykk?



- 1: Svært misfornøgd
- 2: Misfornøgd
- 3: Noko misfornøgd
- 4: Greit nok
- 5: Fornøgd
- 6: Svært fornøgd

OPPDRAKSGJEVARANE

I kva for ein grad opplever dykk at SI tek i vare interessene dykkar på ein god måte i forhold til skyldnarane?




- 1: I svært liten grad
- 2: I liten grad
- 3: I nokon grad
- 4: Greit nok
- 5: I stor grad
- 6: I svært stor grad
- 7: Veit ikkje

I alle undersøkingane er det opne spørsmål som gir brukarane høve til å gi oss direkte tilbakemelding på ting dei meiner vi kan bli betre på.

Brukarundersøkingane brukast likevel ikkje aleine i forbetningsarbeidet. Saman med tydelege styringsparametrar og mål for serviceorienteringa til SI, som dannar grunnlag for fortløpande rapportering på området, får SI etablert eit klart bilde av kor innsatsen må setjast inn. Brukarane er med og fortel oss kva vi må gjere for å oppnå forbetringar i tråd med måla til regjeringa om at SI skal gi borgarane eit digitalt fyrsteval, oppleve eit godt møte med det offentlege når dei kontaktar oss, og at vi lever opp til visjonen «Best for pengane».


TOTALINNTRYKK PÅ TELEFON

Kor fornøgd er du med kundehandsaminga du fekk?



KLART SPRÅK


I kor stor grad synast du breva frå oss er forståelege?



- 1: Svært lite forståelig
- 2: Lite forståelig
- 3: Noko forståelig
- 4: Greit nok
- 5: I stor grad forståelig
- 6: I svært stor grad forståelig

BESØK TIL NETTSIDE

Fekk du dekkja behovet ditt?



- 1: Svært liten grad
- 2: I liten grad
- 3: I nokon grad
- 4: Greit nok
- 5: I stor grad
- 6: I svært stor grad



Gode digitale tenester

Forbetring og utvikling har vore viktig for SI allereie frå oppstarten i 1990. Mellom 80-90 % av innkrevjinga skjer maskinelt.

Dei siste åra har SI jobba med å digitalisere tenestene sine og tilby eit digitalt fyrsteval. Dette er gjort på fleire område. I mai 2012 lanserte SI nye tenester på nett for innbyggjarane i Noreg, både rett-leiingsorienterte informasjonssider og sjølvbeteningsstenester. Desse tenestene gjør det mogleg for innbyggjarane med eit digitalt fyrsteval i kommunikasjonen med det offentlege. Innbyggjarane kan få god oversikt over og handsame eigne saker, og mellom anna betale, dele opp beløpet eller utsetje betalinga. Tenestene blei utvikla i samarbeid med brukarane, og fekk i 2012 Rosing-prisen for mest brukarvennlege nettstad. I 2013 fekk sismo.no sølv i kåringa av beste offentlege nettstad. Difi kåra i

2013 SI til årets rakett av Difi for utviklinga av digitale tenester.

Tal viser at tenestene er blitt teke godt i mot av brukarane, og trafikken på nettsidene er dobla frå 2012 til 2013. Dersom ein ser på det totale talet førespurnader til SI, uansett kommunikasjonskanal, er talet auka med 20% i webkanalen. Brev og telefoni er redusert med 10-12 %. Webkanalen står no for omkring 50% av alle som tek kontakt med SI. Med dei nye digitale tenestene er SI vorte meir tilgjengelig ved at brukarane kan nå oss når som helst, og vi ser at vi når fleire og nye brukargrupper som elles ikkje hadde teke kontakt med SI.

Tenestene avdrag og utsetjing av betaling kan ein bruke i fleire kommunikasjonskanalar, brev, telefon eller på nett. Sjølvbeteningsgraden måler kor mange i forhold til totalen som

er utført av brukaren sjølv på nett. For tenestene avdrag og utsetjing av betaling er sjølvbeteningsgraden i 2013 37 %.


I 2013 sette SI tilsvarande digitale tenester i produksjon for oppdragsgjevarane våre. Med desse tenestene kan oppdragsgjevarane sjølv få oversikter, handsame eventuelle endringar på krav eller registrere nye krav, og ta ut ønska rapportar. Med det har også oppdragsgjevarane våre fått eit digitalt fyrsteval i kommunikasjonen med SI. Dette gir sparte ressursar og kostnader både hos oppdragsgjevar og SI.

Eit arbeid som har gått parallelt med utviklinga av digitalt fyrsteval er arbeidet med endring av språk i alle kommunikasjonskanalar – Klart språk-arbeidet. Tradisjonelt har breva frå SI vore prega av eitnoko tungt forvaltningspråk. Dette er erstatta med

enklare språk som gjer budskapet tydelegare for mottakaren. I dei nye breva er også marknadsføringa av dei digitale tenestene gjort meir tydelig. Vi ser at språkendinga har vore med på å auke bruken av nettenestene og vi ser også tendensar til at fleire gjer opp tidlegare.

For å gi brukarane gode og heilskapelege tenester, er det viktig at språket er eintydig i ulike kommunikasjonskanalar. SI har også utvikla eit nytt verktøy for produksjon av tekstar for ulike kanalar. På denne måten sikrar ein at kommunikasjonen blir god uavhengig av kanal.

For å styrke satsinga på digitaliseringa framover, har vi starta eit program vi kallar SI2016. Målet med programmet er å få effektiv innkrevjing gjennom gode, digitale dialogar.



TALET PÅ BESØK – sismo.no


Bruken på opne sider av sismo.no) kjem hovudsakelig frå forsi-da, inngåing av ulike betalingsavtalar (betaling med kort, betalingsutsetjing og avdrag), kontaktskjema og temasider. Trafikk totalt på sismo.no og innlogga sider manglar vi førebels, ettersom vi av personvernomsyn ikkje kan bruke Google Analytics til dette føremålet. Føringane rundt dette er lagt av Datatilsynet.

Basert på statistikken frå Innkrevjingssystemet (SIAN) veit vi at talet på innloggingar og inngåtte tenester (avdrag, kontaktskjema etc.) har auka mykje i 2013. Desse tala gir likevel ikkje ei komplett og presis framstilling av trafikken på innlogga sider. Vi ynskjer å analysere trafikken på innlogga sider ytterlegare, og vil i 2014 skaffe verktøy som gir utdjupande kunnskap om bruken.

TALET PÅ FØRESPURNADER – SI

Etter lanseringa i mai 2012 kan vi registrere følgjande effektar:

- Vekst i det totale talet på førespurnader til SI – vi har 20 % fleire førespurnader til SI, når ein samanliknar 2013 med 2012. Veksten i talet på førespurnader kjem utelukkande frå web-kanalen. I same tidsperiode ser vi ein markert nedgang i førespurnader via brev og telefon på høvesvis 13 % og 9 %. Endringane i trafikken til dei ulike kanalane gjer at web-kanalen står for rundt 50 % av alle førespurnader.
- SI er lettare tilgjengeleg – «nye sismo.no» medverkar til at vi når fleire og nye brukargrupper ved at SI er tilgjengeleg når som helst og kor som helst. Førebels analyse viser at mykje av veksten til «nye sismo.no» kjem frå brukarar som ikkje tek kontakt med SI gjennom telefon eller brev.




Programmet er delt i tre hovudområde: verksemdsstyring, digitalisering og gevinstrealisering. I området verksemdsstyring ligg aktivi-tetar som skal gi oss betre styringsinformasjon og analyse slik at vi prioriterer dei rette tiltaka for gode og effektive, digitale tenester. Innan digitalisering ligg dei aktivitetane som skal gjerast på IT-systemporteføljen. Gevinstrealisering skal sikre at vi tek ut ynskjande effektar av digitaliseringa. Dette inkluderer blant anna prosessforbetringar og organisasjons- og kompetanse-utvikling.

Mindre enn 10% av dei som blir bedt om å sende inn dokumentasjon på den økonomiske situasjon sin, gjer dette. Dette har

gjort at dei aller fleste tidlegare har blitt trekt eit standard trekkbeløp kvar måned. SI har utvikla ein elektronisk trekkberekningsmodul som hentar inn opplysningar digitalt og automatisk bereknar eit trekkbeløp i forhold til den enkelte si betalingssevne. Resultata er at i 60% av vurderingane er det ikkje rom for å trekke meir.

SI har utvikla og driftar ein database som inneheld utleggstrekk frå alle namsmyndigheiter i Noreg, utleggsdatabasen (UB). Alle namsmyndigheiter brukar UB for å avgjere om det er rom for trekk. Denne digitale løysinga for å rekne ut trekk, og utleggsdatabasen, er med på å auke rettstryggleiken til innbyggjarane i Noreg, og sikrar rett sakshandsaming.



SJØLVBETENINGSGRAD – WEB

Den største gevinsten av sismo.no så langt er at vi har gitt brukarane tilbod om eit digitalt fyrsteval i mykje større grad enn tidlegare. SI når fleire og nye brukargrupper gjennom auka tilgjengelegheit. Nettstaden gjer det også enklare for skyldnarane å ta eigarskap over eigen situasjon så tidleg som mogleg i innkrevjingsløpet. Auka tilgjenge tyder på at SI kan bli nådd kor som helst og når som helst med brukarvennlege tenester som er utvikla i samarbeid med brukarane for å dekkje ønska og behova deira.

Samtidig som talet på førespurnader til SI via nettsidene (og totalt for SI) har auka mykje, har vi i perioden mars-desember (2013 vs 2012) registrert ein nedgang på telefon og brev på høvesvis 9 % og 13 %. Brukarane gjer med andre ord stadig større

SI er med i prosjektet "Sikker digital post" som Difi er ansvarleg for. Med "Sikker digital post" er målet at alle innbyggjarar i Noreg har ei digital postkasse for kommunikasjon med det offentlege. Med denne løysinga får SI moglegheit til å kommunisere digitalt med store delar av innbyggjarane i Noreg. Dette vil gi store innsparingar i brevproduksjon og portoutgifter. I dag sender SI årleg ut rundt 2,8 millionar brev. SI skal vere pilotbrukar av løysinga som etter planen blir sett i produksjon i november 2014.

For mange innbyggjarar har det vore ei utfordring at det offentlege ikkje koordinerer informasjon på tvers. Gjennom utleggsdatabasen, der ein brukar informasjon frå andre særnamsmenn før ein kan gjennomføre utleggsforretningar, og den

automatiske trekkberekningsmodulen der ein brukar inntekts- og formuekjelder frå andre offentlege register, sikrar ein rett sakshandsaming fyrste gongen, og betre rettstryggleik for innbyggjarane.

del av oppgåvene sjølv, kombinert med at SI har behov for færre ressursar på telefon (Servicesenteret). Årsaka til nedgangen er i hovudsak «nye sismo.no» og arbeidet med Klart Språk i alle kanalar. SI vil halde fram med arbeidet for å styrke denne trenden gjennom auka kunnskap om brukaråttferd og pågåande endringar både av organisasjon og system for å tilpasse seg utviklinga og endra brukarbehov. Vi arbeider fortløpande med å utvikle faktagrunnlag for analyser som kan gi meir presise svar på kva for nokre faktorar som påverkar talet på førespurnader til SI og kanalvala skyldnarane tek, og da spesielt med sikte på å kunne avdekkje trendar over tid.

Vidare utvikling som er ønskt knytt til trafikk i web-kanalen, telefon og brev vil avhenge av auka digitalisering, språkarbeidet og marknadsføring.

Innkrevjingstenesta

OPPDRAGS-
GJEVARAR

SI

SKYLD-
NARAR



Innkrevjing

SI skal i samsvar med tildelingsbrevet sørje for effektiv og korrekt innkrevjing på vegne av oppdragsgjevar. I 2013 er innkravd beløp omtrent på same nivå som i 2012, totalt 3769 millionar kroner. Innkravd beløp på eget kapittel er 1931 millionar kroner, som er 3,5 % over budsjett. Det er god kontroll på driftsutgiftene.

SI har tre hovudmål for innkrevjingstenesta

- Innkrevjinga skal vere effektiv
- Innkrevjingsarbeidet skal ha god kvalitet
- Verksemda skal vere serviceorientert

SI arbeidar med å løyse problema knytta til manglande konsistens mellom inntektsmåla og effektivitetsmåla. Effektivitetsmåla er ikkje nådd på alle område sjøl om inntektsmåla er nådd. Formålseffektiviteten påverkast av at vi har nedgang i tvangsinnkrevjinga på grunn av sterkare samordning i utleggsdatabasen, og ein noko lågare utlikning for ein del kravtypar.

SI utfører tenester innanfor innkrevjing ved å tilby

- Fakturering og purring
- Avdragsavtalar
- Korte betalingsutsetjingar
- Tvangsinnkrevjing av misleghalde krav
- Inntektsføring i statsrekneskapen

SI er inne i ein periode med utvikling av digitale tenester. Utviklinga finansierast med ordinær løyving. Dette aukar kostnadene i ein periode, noko som ikkje blei tilstrekkeleg teke omsyn til da måla for kostnadseffektivitet blei sett.

SI leverer gode tenester, også i digitale kanalar, og har ei sterk forbetring på service og kvalitet i innkrevjingstenestene.

Innkrevjinga skal vere effektiv

Effektiv innkrevjing betyr for SI høg oppgjersprosent og låge kostnader.

For øvrig er resultatata jamt over gode i 2013, men for bøter og andre straffekrav er innbetalingsprosenten påverka av store, ubetalte krav knytt til terrorangrepa i 2011.


Innkravd beløp pr. årsverk var 12,68 millionar kroner. Dette er ein reduksjon på 0,6 % frå 2012. Innkravd beløp er redusert med 11 millionar kroner frå 2012. Det er brukt 1,1 årsverk meir i 2013 enn i 2012 i innkrevjing. Det er i 2013 brukt færre årsverk til driftssentraltenestene enn i 2012, og fleire årsverk er brukt til digitaliseringa ved SI.

Kostnad pr. innkravd tusen kroner var 68,27 kroner i 2013, mot 64,57 kroner i 2012. Dette er ei auking på 5,7 %.

Ei viktig årsak til at total innkrevjingskostnad aukar, er at digitaliseringa av tenesteproduksjonen til SI medfører auka kostnader i forbindelse med investeringar. Dette er ein kortsiktig effekt.

I fleire viktige prosessar ser vi ein auka grad av digitalisering og automatisering i 2013. For nokre av delprosessane kan vi allereie sjå at dette gir effektar i form av reduserte gjennomsnittskostnader, for andre prosessar vil det ta litt lengre tid før effektane kjem.

Kostnader i innkrevjingsprosessen pr. innkravde tusen kroner:



Løysingsprosentar	Nye krav		Eldre aktive krav		Krav stilt i utsetjing	
	2013	2012	2013	2012	2013	2012
Bøter og andre straffekrav	47 %	52 %	24 %	17 %	16 %	12 %
Gebyr	66 %	67 %	49 %	33 %	73 %	14 %
Avgifter	53 %	53 %	38 %	44 %	-	11 %
Tapsførte studielån	2 %	1 %	11 %	11 %	11 %	10 %

Innkrevjingsarbeidet skal ha god kvalitet

SI skal vektlegge rettstryggleik og likehandsaming i innkrevjingsarbeidet. Sakshandsaminga og lovbruken skal vere korrekt. Internkontrollrutinane til SI sikrar at dei fleste feil blir avdekt og rettast opp før dei får konsekvensar. Etterkontroll avdekkjer feil som ikkje er korrigert.

Målsettinga er at 99 % av sakshandsaminga ved frivillig innkrevjing skal vere feilfri. Resultatet ble 99,4 % i 2013. I 2012 var resultatet 94,4 %.

For handsaming i tvangsinnkrevjing er målet det same. Her blei resultatet 99,1 % i 2013 mot 98,5 % i 2012.

I anna innfordring skal 96 % av sakshandsaminga vere korrekt. Resultatet ble 99,7 %.

Verksemda skal vere serviceorientert

SI skal yte god service både til den som skyldar pengar og til oppdragsgjevar. I innkrevjingsarbeidet er det viktig å balansere omsynet til baa partar. Målet er at alle skal få hjelp og god informasjon om saka si fyrste gong dei kontaktar SI.

79 % av alle skriftlige førespurnader blei svara på innan 10 dagar. Tilsvarande i 2012 var 68 %.

Alle førespurnader i tvangsinnkrevjing er svara på innan 3-ukersfristen. Dette gjeld også klagesakar.

Alle førespurnader i frivillig innkrevjing er svara på innan 4-ukersfristen.


96 % av alle inngåande telefonar blei svara på. 72 % av dei innan eit minutt. Tilsvarande i 2012 var 95 % og 68 %.

	2013	2012	2011
Innkravd beløp			
Bøter og andre straffekrav	1 341	1 321	1 357
Gebyr	1 079	1 065	1 047
Avgifter	321	300	36
Andre kravtypar	257	263	274
Sum inntektsført i statsrekneskapen	2 997	2 949	2 714
Innkravd for tredjepart			
NRK	303	327	291
Toll- og avgiftsdirektoratet	101	107	100
Statens Lånekasse	323	357	377
Andre oppdragsgjevarar	44	40	303
Sum innkravd for tredjepart	771	830	1 071
Innkravd beløp totalt	3 769	3 779	3 785
Uoppgjorte krav			
Uoppgjorte krav i millionar kroner			
Bøter og andre straffekrav	2 276	2 038	1 894
Gebyr	709	690	631
Avgifter	12	12	9
Andre kravtypar	4 206	4 303	4 403
Sum til innkrevjing for staten	7 203	7 043	6 937
Til innkrevjing for tredjepart	2 570	2 443	2 422
Sum totalt	9 773	9 486	9 360

Uoppgjort beløp pr. 31.12.2013 var 286 millionar kroner høgare enn året før. Ein stor del av dette er knytt til regresskrav etter terrorangrepa i 2011.



Restanse fordelt på årgangar • Beløp i mill. kroner



Krav eldre enn 1 år: 7 444 millionar kroner, 76 % av totalt beløp på uoppgjorte krav.

Av dette er krav som er eldre enn 3 år: 5 354 millionar kroner, 55 % av totalt beløp på uoppgjorte krav.

Verdien av aktiv portefølje pr. 31.12.2013 var på 6,2 milliardar kroner. Av dette var 7 % framleis i purrestrengen, mens 25 % var i tiltak kor det kjem inn faste, månedlege beløp. 200 millionar kroner av dette (52 krav) gjeld sakar med saldo større enn ein million kroner. Det er lite truleg at desse krava vil bli dekkja

innan rimeleg tid. Det har si årsak i kombinasjonen av storleiken på kravet og skyldnar sin økonomi.


Bokført verdi på krav i utsetjing pr. 31.12.2013 var 3,5 milliardar kroner. I denne porteføljen låg også 445 millionar kroner som truleg er forelda. (Før krav blir avskrive som forelda, blir dei vurdert etter vedtektene gitt i innkrevjingsinstruksen). Reell verdi av krav i utsetjing er låg.

Nye krav i 2013


Nye krav til innkrevjing, i millionar kroner	2013	2012	2011
Bøter og andre straffekrav	1 821	1 601	1 596
Gebyr til staten	1 205	1 194	1 196
Avgifter til staten	327	310	42
Andre kravtypar (vesentleg studielån)	3 391	393	450
Registrert for tredjepart	1 961	2 174	2 107
Sum totalt	5 706	5 672	5 392

Nye krav til innkrevjing, tal i heile tusen	2013	2012	2011
Bøter og andre straffekrav	305	317	316
Gebyr til staten	514	511	510
Avgifter til staten	15	15	0
Andre kravtypar (vesentleg studielån)	2	2	2
Registrert for tredjepart	360	362	362
Sum totalt	1 196	1 207	1 191


Gjennomsnittleg månedlige innbetalingar ved avdrag og utleggstrekk • Beløp i mill. kroner



Innbetalinger fordelt på steg i innkrevjingsprosessen • Beløp i mill. kroner



Innbetalingsprosentar etter eitt år med innkrevjing



Driftssentralen



Driftssentralen

Driftssentralen har ansvar for IT-teknisk drift av systemporteføljen til SI, kommunikasjonslinjer, brukarstøtte, vedlikehold, forvaltning, ny- og vidareutvikling av applikasjonar, løysingar for rapportering og tryggleik og beredskap.

Sakshandsamingssystemet SIAN


Systemet som brukast til handsaming og innkrevjing av statlege krav – SIAN – har rundt 2500 brukarar. Delar av innkrevjingssystemet brukast av dei alminnelege namsmenn i landet i arbeidet deira med den sivile rettspleia – det vil seie innkrevjing av privatrettslege krav.

SIAN ble sett i drift i 2006 og utviklast kontinuerleg. I 2013 er det lagt inn ny funksjonalitet i systemet. Desse inneheldt blant anna utfasing av BOT-systemet til politiet, innføring av ny og påkravd funksjonalitet for å ta i vare SI-loven og innføring av e-tenester for oppdragsgjevarar. Alle endringar som gjerast er i samsvar med statlege prinsipp som er vedteke for IT-arkitektur.

SIAN er oppbygd modulært og inneheld blant anna ein eigen modul for elektronisk handsaming mellom alminneleg namsmann og inkassobyrå og ein berekningsmodul for fastsetjing av storleiken på trekk i løn og trygd.

SIAN-support svarte på 13.500 førespurnader i 2013.

Kor fornøgd eller misfornøgd er du med servicen når du kontaktar SIAN-support?



- 1: Svært misfornøgd
- 2: Misfornøgd
- 3: Noko misfornøgd
- 4: Greit nok
- 5: Fornøgd
- 6: Svært fornøgd
- 7: Tar ikkje kontakt med SIAN-support

Økonomisystemet


Oppgåva med å drifte, forvalte og vidareutvikle økonomi- og rekneskapssystemet for politiet i Noreg ligg hos SI. I tillegg til økonomisystemet inneheld dette modular for elektronisk fakturahandsaming, rapportering og rekneskapsføring av ikkje-statlege midlar.

I 2013 blei systemet oppgradert til ein ny versjon som blant anna legg til rette for overgang til ny kontoplan for politiet. SI har gjennomført oppgraderinga i tett samarbeid med politiet og leveransen har vore ein suksess. Brukarar av systemet i politietaten har gjennomgått opplæring i det nye systemet i regi av SI.

Talet på leverandørar av elektronisk faktura inn i systemet har også auka og delen av elektroniske faktura for politiet er no oppe i 40 %.

PLØS forvaltning svarte på 3000 førespurnader i 2013.

Kor fornøgd er du...



1: Misfornøgd 4: Fornøgd
2: Noko misfornøgd 5: Svært fornøgd
3: Greit nok

Stabile system

Måla for service levert til interne og eksterne brukarar av systema til SI blei nådd. Driftssentralen gjennomfører årleg brukarundersøkingar for å avdekkje om brukarane er fornøgd med brukarstøtta og kvaliteten på systema. Resultata er gode.

Informasjon om systema til brukarane blir gitt gjennom egne kunde-weber som oppdaterast kontinuerleg.

IT-systema til SI har høg stabilitet. Alle systema hadde i 2013 tilnærma 100 % tilgjengelegheit for brukarane. Årsaka til dette er ein solid infrastruktur, med reservekapasitet, som blir overvaka og fornyast jamleg. Oppgraderingane gjennomførast i samsvar med ITIL – eit rammeverk for kvalitetssikring av leveransar, drift og support innan IT-sektoren.

Utleggsdatabasen

Utleggsdatabasen (UB) blei i 2013 «komplett» etter at utlegg frå NAV i bidragssaker blei lagt inn i basen. UB inneheld no opplysningar om utlegg utført av alle namsmyndigheiter i Noreg som Skatteetaten, alminneleg namsmann, NAV og SI.

Utlegg er sikring av krav i løn, trygd eller andre verdiar retta mot ein person som ikkje har betalt friviljug. Informasjon om dette samlast i UB, som er utvikla og driftast av SI.

UB er teke i bruk av alle namsmyndigheiter for å avgjere om det er rom for trekk mot personar. Den er med på å sikre rettstryggleiken til borgarane ved at den tek sikte på at ikkje nokon blir utsett for urettmessig høge trekk. Data i UB er også tilgjengeleg for kredittopplysningsføremål gjennom Lausøyreregisteret i Brønnøysund.

Pr. 31.12.13 var det 558.335 aktive utlegg i Utleggsdatabasen. Dette er over 60.000 fleire aktive utlegg enn ved førre årsskifte.

Totalt har det vore nærmare 8 millionar transaksjonar av utlegg i UB sidan etableringa i 2008.



Menneska

Ved utgangen av 2013 var bemanninga på 343,5 årsverk fordelt på 368 tilsette, inkludert to lærlingar.

70 % av dei tilsette er kvinner og 30 % menn, omtrent som førre år.

Gjennomsnittsalder var på 45,8 år.

I 2013 slutta 14 personar frå ordinære stillingar. Dette gir ein turnover på 3,8 % (same tal i 2012). Åtte av dei slutta for overgang til anna verksemd. Dei gjekk alle til anna offentleg/statleg verksemd.

I løpet av 2013 hadde SI totalt 22 utlysingar.. På dei eksterne utlysingane var det til saman 434 søkarar. Det vil si at SI i snitt hadde 28,9 søkarar per eksterne utlysing.

Årsaka til at talet på utlysingar nesten er dobla frå 2012, er blant anna at det i løpet av 2013 blei gjort ei omdisponering av stillingar som har stått ledige. Fleire av stillingane blei flytta til Driftssentralen, da behovet for tilsette innan IT har blitt større. I tillegg har SI sett i gang eit arbeid mot samhandlingsløyising i Sharepoint som det har blitt rekruttert inn tilsette til.

*Sjuefråvær*Målet for sjuefråvær på SI var i 2013 sett til 6 %. Totalt fråvær var 7,9 % i 2013. Dette er ein nedgang på ca. 8 % frå 2012 (8,6 %).

Utvikling dei siste fem åra.

	2009	2010	2011	2012	2013
Totalt	6,6	6,8	7,5	8,6	7,9

I 2013 var det 3 av 434 søkarar som oppgav at dei hadde nedsett funksjonsevne. Ein av desse var ikkje kvalifisert i samsvar med utlysingstekst, mens dei to andre var kvalifisert og difor innkalla til intervju. Den eine av desse to blei innstilt, men ikkje tilsett, i stilling som sakshandsamar.

SI utlyste i 2013 ei traineestilling for personar med nedsett funksjonsevne. Denne stillinga inngjekk i Statens traineeprogram, og var eit tilbod for personar med høg utdanning og nedsett funksjonsevne. SI gav tilbod om traineestilling til ein av kandidatane. Kandidaten takka nei med bakgrunn i at ho hadde fått tilbod om traineestilling hos ein annan statleg aktør.

Målet for seniorpolitikken er:

- Flest mogleg av medarbeidarane ved SI skal stå i arbeid til fylte 67 år
- Tilretteleggje for gradvis overgang frå arbeid til pensjonstilvære
- Medarbeidartilfredsheit og god arbeidsevne gjennom heile arbeidslivsløpet

Det er framleis få tilsette som går av med pensjon eller uføretrygd ved SI. Gjennomsnittlig alder ved avgang i 2009 var 58 år og 4 måneder. I 2013 var den gjennomsnittlige alderen ved avgang 63 år og 7 måneder.

SI definerer seniorar som dei over 60 år. Denne gruppa blir større. Det er også i år gjennomført ei temasamling for alle seniorar. Tema i år var «Arbeid og pensjonar, eller begge delar».

Vi har i løpet av 2013 hatt omfattande opplærings- og kursverksemd blant anna innan brukarorientering, kommunikasjon og service, digitalisering med fokus på kundereisa, innkrevjingsjuss, IT, avtaleverk, regelverk, forvaltningsrett og språk. Dette i tillegg til utstrakt deltaking på eksterne kurs og konferansar.

For å kunne avgjere kva for ein kompetanse den enkelte seksjon vil trenge i forhold til måla og strategiane til SI, har alle seksjonar sin eigen kompetanseplan. Alle felles kompetansebehov som er i tråd med SIs strategi og mål vil bli samordna og gjennomført i samsvar med plan.

Det har blitt tilsett godt kvalifiserte søkarar i alle utlysingar, men dette året er det stillingar innan IT og juss kor det har vore færrest kvalifiserte søkarar. Likevel ser vi at den jobben som er gjort mot høgskulane og universiteta i 2012 og fyrste halvår i 2013 har gitt utslag i eit høgare tal på kvalifiserte søkarar i andre halvår 2013.

For 2013 blei følgjande overordna IA/HMS- mål vedteke:

HMS-arbeidet skal støtte opp om SI som ein statleg kunnskapsbedrift med utfordrande arbeidsoppgåver og godt omdøme.

Det blei og vedteke ein aktivitetsplan som skulle støtte opp om følgjande delmål:

- SI skal vere helsefremmande og førebyggjande
- SI skal ha godt omdøme med tanke for heilheten og fleksibilitet
- SI skal vere inkluderande og stolte over arbeidsplassen
- SI skal vere miljøfokusert og ta i vare trivsel

Aktivitetsplanen blei følgt opp i Arbeidsmiljøutvalet (AMU), og er i all hovudsak gjennomført.

AMU har hatt 8 møte i 2013 og behandla 64 saker.

AMU vedtok å fokusere på arbeidsrelatert sjuefråvær dette året. Formålet var å avdekkje tilfella, få kartlagt og teke hand om kvart enkelt tilfelle og å bruke det til forbetningsarbeid. Erfaring brukast no til tiltak på HMS-plan dette året.

Som eit førebyggjande tiltak har SI dette året sett på korleis både leiarar og medarbeidarar kan styrke deira personlege kompetanse på det å stå i vanskelege utfordringar i livet. Med det som bakgrunn har vi gjennomført seminar om mindfulness for leiarar og for medarbeidarar. Dette blei godt motteke og opplevast som eit godt verktøy for å ta styring og bevisste val.

Del kvinner i leiarstillingar 2013

	Kvinner	Menn	Del kvinner
Totalt	16	7	69,6 %

Nær 70 % av leiarar ved SI er kvinner.

SI har inga utfordringar når det gjeld likestilling som er målretta

mot kvinner. Utfordringa ligg i å få ei høgare rekruttering av menn for å få ei meir balansert kjønnsfordeling på SI. Dette er ei utfordring da lovverket ikkje gir heimel for positiv særbehandling av menn. Likevel har vi forsøkt å gjere utlysingstekstane enda meir kjønnsnøytral i profileringa vår.

Dei tilsette i SI skal spegle samfunnet rundt oss i forhold til kjønn, alder, etnisitet, religion og funksjonsevne. Ved utlysing av nye stillingar oppfordrar SI menneske med ein annan kulturell bakgrunn og menneske med nedsett funksjonsevne til å søkje. Ved tilsetjingar kan ein vurdere om ein vil ha ei positiv særhandsaming av desse gruppene dersom dei oppfyller krava i utlysingsteksten.

SI har til einkvar tid to lærlingar i praksis. Ein lærling er knytt til Driftssentralen kor faga IKT, kommunikasjon, elektronikk og service inngår. Den andre lærlingen er knytt til Administrasjon kor merkantile fag som økonomi og rekneskap, løn, fakturering, HMS, elektronisk dokumentflyt, arkiv og resepsjon inngår.

Vi har i 2013 revidert dei interne etiske reglane våre i samsvar med dei reviderte retningslinjene for staten. Dei nye reglane er gjennomgått i heile organisasjonen, og avdelingane har hatt etikk som tema på avdelings- eller seksjonssamlingar. Dette har skapt stort engasjement, og det er ein måte å jobbe med etikk på som vi vil vidareføre og vidareutvikle.



84037 FORTELJINGA I TAL



VERKSEMDSREKNESKAP OG INNKREVJINGSREKNESKAP FOR 2013

SI har frå 2011 ført verksemdsrekneskap etter periodiseringsprinsippet, i tillegg til kontantrekneskapen. Føremålet med denne overgangen var å få betre kvalitet på den interne økonomistyringa, og eit betre grunnlag for analysar. Innkrevjingsrekneskapen blir framleis ført etter kontantprinsippet.

Rekneskapsprinsipp

Rekneskapen er satt opp i samsvar med dei anbefalte statlege rekneskapsstandardane (SRS).

Innkrevjingsrekneskapen blir enno ført etter kontantprinsippet, og inntekter frå innkrevjinga vil ikkje gå fram som driftsinntekter i verksemdsrekneskapen. Innkrevjinga genererer likevel kostnader, og desse vil stå fram i verksemdsrekneskapen.

Driftsinntekter

Tildelingar er inntektsført i den perioden da aktiviteten som tildelinga skal finansiere, var planlagt (budsjettert). Inntektsføring av investeringstildeling skjer i takt med avskrivningane av anleggsmidlane. Sal av tenester blir inntektsført ved fakturering. I perioden gjeld det her i hovudsak refusjonar frå NRK for innkrevjing av misleghalde kringkastingsavgift.

Driftsinntekter

Inntekt frå tildelinga

Tildelingar er inntektsført i den perioden da aktiviteten som tildelinga skal finansiere, var planlagt (budsjettert). Inntektsføring av investeringstildeling skjer i takt med avskrivningane av anleggsmidlane.

Sals- og leieinntekter (transaksjonsbaserte inntekter)

Sal av tenester blir inntektsført ved fakturering. I perioden gjeld det her i hovudsak refusjonar frå NRK for innkrevjing av misleghalde kringkastingsavgift.

Driftskostnader

Kostnader blir rekneskapsført i same periode som aktiviteten blir utført.

Pensjonar

SI betalar ikkje premie til Statens pensjonskasse (SPK), og kostnad til premie er heller ikkje dekkja av tildeling. Premie blir dekkja i samsvar med sentral ordning i staten. Det er i rekneskapen lagt til grunn ein estimert sats for berekning av pensjonskostnad. Premiesatsen for 2013 er av SPK estimert til 11,41 %.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eit år etter anskaffingstidspunktet. Resterande

postar er klassifisert som anleggsmiddel/langsiktig gjeld. Kortsiktig gjeld er balanseført på opptakstidspunktet.

Immaterielle eigendelar

Eksternt innkjøpte immaterielle eigendelar er balanseført.

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar er balanseført og blir avskrive over den økonomiske levetida til driftsmiddelet.

Finansiering av periodiserte postar

Omløpsmidlar/kortsiktig gjeld

Alle balansepostar, med unntak av immaterielle eigendelar og varige driftsmidlar, har motpost i *Avrekning med statskassa*. Avrekninga gir dermed eit uttrykk for statens eigarkapital når det gjeld kortsiktige postar.

Anleggsmidlar

Balanseført verdi av immaterielle eigendelar og varige driftsmidlar har motpost i *Ikkje inntektsført tildeling knytt til anleggsmidlar*. Dette representerer finansieringa av desse anleggsmidlane. Ved tilgang av immaterielle eigendelar og varige driftsmidlar blir anskaffingskostnaden balanseført. Samtidig går anskaffingskostnaden til reduksjon av resultatposten Inntekt frå tildelingar og til auking av balanseposten *Ikkje inntektsført tildeling knytt til anleggsmidlar*.

Avskrivning av anleggsmidlar blir kostnadsført. I takt med gjennomført avskrivning blir eit tilsvarende beløp inntektsført under Inntekt frå tildeling. Dette blir gjennomført ved at finansieringsposten *Ikkje inntektsført tildeling knytt til anleggsmidlar* blir oppløyst i takt med at anleggsmiddelet blir forbrukt i verksemda. Konsekvensen av dette er at investeringane har ein resultatnøytral effekt.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande. Inga avsetning til forventa tap, da sannsynet for tap er svært lav.

Konsernkontoordning til staten

SI er omfatta av konsernkontoordninga til staten. Konsernkontoordninga inneber at alle innbetalingar og utbetalingar dagleg blir gjort opp mot oppgjerskontoane til verksemda i Noregs Bank.

Kontantstrømoppstilling

Kontantstrømoppstillinga er utarbeida etter den direkte modellen tilpassa statlege verksemdar.



Resultatrekneskap

Heile tusen kroner	Note	2013	2012	2011
<i>Driftsinntekter</i>				
Inntekt frå tildelingar	1	299 163	290 581	289 865
Tilskott og overføringar	1	0	140	457
Sals- og leigeinntekter	1	46 355	44 855	41 674
Gevinst ved avgang av anleggsmidlar	1			
Andre driftsinntekter	1			
Sum driftsinntekter		345 519	335 576	331 996
<i>Driftskostnader</i>				
Løn og sosiale kostnader	2	183 861	177 224	172 539
Varekostnader		479	1 640	1 644
Andre driftskostnader	3	134 158	121 966	126 256
Avskrivningar	4,5	15 886	13 736	8 056
Sum driftskostnader		334 383	314 566	308 495
Driftsresultat		11 136	21 010	23 502
<i>Finansinntekter og finanskostnader</i>				
Finansinntekter		1	5	68
Finanskostnader		9	4	67
Netto finansinntekt		-7	1	1
Resultat av aktivitetane i periodane		11 128	21 011	23 503
<i>Avrekningar</i>				
Avrekning med statskassa		-11 128	-21 011	-23 503
Sum avrekningar		-11 128	- 21 011	-23 503
Resultatet i perioden		0	0	0



Balanse eigendeler

Heile tusen kr	Note	31.12.2013	31.12.2012	31.12.2011
A. Anleggsmidlar				
<i>I. Immaterielle eigendelar</i>				
Forsking og utvikling	4	0	0	0
Rett o.l. immaterielle eigendelar	4	12 875	16 906	11 756
Sum immaterielle eigendelar		12 875	16 906	11 756
<i>II. Varige driftsmidlar</i>				
Maskinar og transportmidlar	5	300	450	7 847
Driftslausøyre, inventar, verktøy o.l.	5	31 450	37 524	26 221
Anlegg under utføring	5	0	0	1 214
Beredskapsanskaffingar	5	4 802	5 488	6 174
Sum varige driftsmidlar		36 552	43 462	41 457
Sum anleggsmidlar		49 428	60 368	53 213
B. Omløpsmidlar				
<i>I. Varebeholdningar og forskott til leverandørar</i>				
Varebeholdningar og Forskottsbetalingar til leverandørar		0	0	0
Sum varebeholdningar og forskott til leverandørar		0	0	0
<i>II. Fordringar</i>				
Kundefordringar		39	29	18
Andre fordringar		196	73	123
Sum fordringar		236	102	141
<i>III. Kasse og bank</i>				
Sum kasse og bank		0	0	0
Sum omløpsmidlar		236	102	141
Sum eigendelar		49 663	60 470	53 354



Balanse gjeld*

Heile tusen kr	Note	31.12.2013	31.12.2012	31.12.2011
I. Avsetning for langsiktige forpliktingar				
Ikkje inntektsført tildeling knytt til anleggsmidlar **	4, 5	49 428	60 368	53 213
Sum avsetning for langsiktige forpliktingar		49 428	60 368	53 213
II. Anna langsiktig gjeld				
Sum anna langsiktig gjeld		0	0	0
III. Kortsiktig gjeld				
Leverandørgjeld		1 877	5 656	4 447
Skuldig skattetrekk		6 880	6 780	6 496
Skuldige offentlege avgifter		1 421	1 891	1 068
Avsette feriepengar		18 357	17 473	16 487
Forskottsbetalte, ikkje opptente inntekter	16	52 310	43 038	44 003
Anna kortsiktig gjeld	18	36 350	26 791	30 474
Sum kortsiktig gjeld		117 196	101 629	102 975
IV Avrekning med statskassa ***				
Avrekning med statskassa		-116 960	-101 527	-102 833
Sum avrekning med statskassa		-116 960	-101 527	-102 833
Sum gjeld		49 663	60 470	53 354

* SI har ikkje fullmakt til å tene opp verksemdskapital.
Post C Verksemdskapital i SRS er dermed ikkje relevant.

** Ikkje inntektsført tildeling knytt til anleggsmidlar viser finansieringa til staten av anleggsmidlar. Denne posten motsvarar summen av dei immaterielle eigendelane til verksemda og varige driftsmidlar.

***Avrekning med statskassa: Viser det totale mellomverende med statskassa. Mellomverendet består både av kontantbaserte postar og av postar som oppstår som ein følge av periodiseringsprinsippet.



Kontantstrømoppstilling

Heile tusen kr	31.12.2013	31.12.2012	31.12.2011
Kontantstrømmar frå operasjonelle aktivitetar			
<i>Innbetalingar</i>			
Innbetalingar innkrevjingsverksemd	3 848 919	3 860 313	3 875 281
Innbetalingar refusjonar	46 402	46 321	45 280
Innbetalingar refusjonar til utbetalingskonto	8 535	10 455	9 111
Innbetalingar anna til utbetalingskonto			1 332
Sum innbetalingar	3 903 856	3 917 089	3 931 004
<i>Utbetalingar</i>			
Utbetalingar løn og sosiale kostnader	-169 067	-167 088	-160 330
Utbetalingar for varer og tenester	-130 084	-121 109	-123 678
Utbetalingar innkrevjingsverksemd	- 832 367	-904 724	-1 150 845
Sum utbetalingar	-1 131 518	-1 192 921	-1 434 852
Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar	2 772 338	2 724 168	2 496 152
<i>Kontantstrømmer frå investeringsaktivitetar</i>			
Utbetalingar ved kjøp av varige driftsmidlar	-10 324	-28 591	-28 675
Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar	-10 324	-28 591	-28 675
Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar	2 762 014	2 695 577	2 467 477



Notar til resultatregneskap

1 - Spesifikasjon av driftsinntekter

Heile tusen kr		2013	2012	2011
<i>Inntekt frå løyvingar</i>				
Løyving frå Finansdepartementet	Utgiftskapittel	284 612	280 487	288 875
	Inntektskapittel	-35 700	-34 500	-33 500
	Utgiftskapittel	10 324	28 591	34 756
Løyving frå andre departement, belastningsfullmakt	Justisdepartementet	11 045	6 509	4 200
- Brutto brukt til investeringar i immaterielle eigendelar og varige driftsmidlar av løyvingar i år.				
		-3 754	-19 349	-25 411
- Ubrukt løyving til investeringsføremål				
		-1 192	-2 065	-2 253
+ Utsatt inntekt frå forplikting knytt til investeringar (avskrivningar)				
		15 886	13 736	8 056
+ Inntekt til pensjonar				
		17 942	17 171	15 141
Sum inntekt frå løyvingar		299 163	290 581	289 865
<i>Tilskott og overføringar frå andre statlige organ</i>				
Tilskott kompetanseheving Difi		0	60	420
Tilskott til rapportering frå POD		0	80	10
Tilretteleggingstilskott frå NAV		0	0	27
Sum tilskott og overføringar		0	140	457
<i>Sals- og leigeinntekter</i>				
Sal av avskrive anleggsmiddel		0	5	0
Refusjon for innkrevjing for NRK		45 828	44 108	41 674
Innkrevjingsgebyr SLK refunderbare		431	671	0
Refusjon for vask Skattedirektoratet		96	71	0
Sum sals- og leigeinntekter		46 355	44 855	41 674
Sum driftsinntekter		345 519	335 576	331 996

2 - Løn og sosiale kostnader

Heile tusen kr	2013	2012	2011
Lønningar	143 751	140 201	136 970
Feriepengar	17 983	17 497	16 835
Arbeidsgivaravgift	8 027	7 829	7 534
Pensjonskostnader	17 942	17 171	15 141
Sjukepengar og andre refusjonar	-9 100	-10 445	-9 339
Andre ytingar	5 259	4 970	5 397
Sum løn og sosiale kostnader	183 861	177 224	172 539
Talet på årsverk utført:	342	344	347

3 - Andre driftskostnader

Husleige	20 568	20 021	19 888
Vedlikehald og ombygging av leigde lokalar	1 609	1 167	1 151
Andre kostnader til drift av eigedom og lokalar	9 095	9 493	10 661
Reparasjon og vedlikehald av maskinar, utstyr m.v.	4 247	11 957	13 437
Mindre utstyrsanskaffingar	658	2 094	9 447
Leige av maskinar og inventar. Årlige lisensar m.v.	30 571	11 693	13 884
Konsulenttenester	17 540	20 850	14 654
Kjøp av andre eksterne tenester	14 571	12 587	11 209
Reiser og diett	4 998	3 955	4 559
Porto	21 668	21 600	19 940
Resterande driftskostnader	8 633	6 550	7 427
Sum andre driftskostnader	134 158	121 966	126 256

4 - Immaterielle eigendelar

	Rett m.v.	Sum
Anskaffingskost 01.01.2013	22 585	22 585
Tilgang i 2013	530	530
Avgang anskaffingskost i 2013	0	0
Anskaffingskost 31.12.2013	23 115	23 115
Akkumulerte nedskrivningar 01.01.2013	0	0
Nedskrivningar i 2013	0	0
Akkumulerte avskrivningar 01.01.2013	5 679	5 679
Ordinære avskrivningar i 2013	4 561	4 561
Akkumulerte avskrivningar avgang i 2013	0	0
Balanseført verdi 31.12.2013	12 875	12 875
Avskrivningssatsar (levetider)	5 år lineært	



5 - Varige driftsmidler

Heile tusen kroner	Maskiner, transportmidlar	Driftslausøyre, inventar verktøy o.l.	Anlegg under utføring	Beredskapsanskaffingar	SUM
Anskaffingskost 01.01.2013	750	51 965	0	6 860	59 575
Tilgang i 2013	0	4 415	0	0	4 415
Avgang anskaffingskost i 2013	0	0	0	0	0
Frå anlegg under utføring til anna gruppe	0	0	0	0	0
Anskaffingskost 31.12.2013	750	56 380	0	6 860	63 990
Akk. nedskrivningar 01.01.2013	0	0	0	0	0
Nedskrivningar i 2013	0	0	0	0	0
Akk. avskrivningar 01.01.2013	300	14 441	0	1 372	16 113
Ordinære avskrivningar i 2013	150	10 488	0	686	11 324
Akk. avskrivningar avgang i 2013	0	0	0	0	0
Balanseført verdi 31.12.2013	300	31 450	0	4 802	36 552

Avskrivningssatsar (levetider) 3-10 år lineært 3-10 år lineært Inga avskrivning Verksemdsspesifikt

16 - Opptente, ikkje fakturerte inntekter (fordring)

Heile tusen kroner	2013	2012	2011
Akonto - innbetalt før krav er fakturert	52 310	43 038	44 003
Sum	52 310	43 038	44 003

18 - Anna kortsiktig gjeld

Heile tusen kroner	31.12.2013	31.12.2012	31.12.2011
Skuldig løn *	1 491	1 426	1 279
Skuldige reiseutgifter	0	0	0
Anna gjeld til tilsette	0	0	0
Påløpte kostnader	-83	-64	-37
Påløpte kostnader (Periodisering)	-7 250	-8 488	
Anna kortsiktig gjeld **	42 192	33 917	29 231
Sum	36 350	26 791	30 474

* Skuldig løn omfattar opparbeida fleksitid.

** Anna kortsiktig gjeld: Dette er pengar som er innbetalt til 3. part (innkrevjingsverksemda), men som enno ikkje er utbetalt til rette vedkommande.



INNKREVJINGSREKNESKAP 2013

Innhaldsoversikt


Innleing og rekneskapsprinsipp	41
Resultat: Innkravd beløp	42
Balanse: Uoppgjorte krav	43
Notar	44

Innleing og rekneskapsprinsipp

Innkrevjingsrekneskapan frå Statens innkrevjingsentral viser resultatata frå den samla innkrevjingsverksemda, uavhengig av om innkravd beløp skal inntektsførast i statsrekneskapan eller betalast ut til oppdragsgjevar/ tredjepart.

Innkrevjingsrekneskapan førast etter kontantprinsippet. Uoppgjorte krav pr. 31.12 blir oppgitt til den verdien som er ført i restkonto. For misleghalde studielån blir også det misleghalde beløpet oppgitt, som er det beløpet som skal krevjast inn før saka førast tilbake til Statens lånekasse.

Staten sin felles kontoplan er utgangspunkt for oppstillingane i innkrevjingsrekneskapan.





Resultat: Innkravd beløp



Balanse: Uoppgjorte krav

Heile tusen kr	Note	2013	2012	2011	Heile tusen kr	Note	2013	2012	2011
Inntektsført i statsrekneskapen					Til innkrevjing for staten				
<i>Bøter og andre straffekrav</i>					<i>Bøter og andre straffekrav</i>				
Bøter	1	1 213 794	1 195 300	1 185 275	Bøter	3	901 811	890 656	890 250
Erstatningar	1	179	403	608	Erstatningar		363	437	544
Inndragingar		52 655	44 683	94 378	Inndragingar		559 321	645 308	586 453
Andre straffekrav	1	74 124	80 313	76 657	Andre straffekrav	3	814 254	501 877	417 225
Sum bøter og andre straffekrav		1 340 752	1 320 698	1 356 918	Sum bøter og andre straffekrav		2 275 749	2 038 278	1 894 470
<i>Gebyr</i>					<i>Gebyr</i>				
Forseinkingsgebyr	1	250 661	234 109	256 321	Forseinkingsgebyr		590 889	557 573	497 602
Rettsgebyr	1	584 715	571 234	537 244	Rettsgebyr		48 469	50 877	57 117
Sjøfartsgebyr	1	165 973	171 860	159 673	Sjøfartsgebyr		13 677	16 713	15 198
Trafikkgebyr	1	72 546	81 534	86 682	Trafikkgebyr	3	51 343	59 949	57 261
Andre gebyr	1	4 623	6 292	7 455	Andre gebyr		5 087	4 666	3 665
Sum gebyr		1 078 518	1 065 028	1 047 374	Sum gebyr		709 467	689 777	630 843
<i>Avgifter</i>					<i>Avgifter</i>				
Avgifter Statens kartverk	1	9 470	7 855	35 632	Avgifter Statens kartverk		10 283	11 099	9 041
Finanstilsynsavgift	1	311 654	291 988	-	Finanstilsynsavgift		1 087	964	-
Vegavgifter	1	11	7	36	Vegavgifter		228	242	252
Sum avgifter		321 135	299 850	35 668	Sum avgifter		11 598	12 305	9 293
<i>Andre kravtypar</i>					<i>Andre kravtypar</i>				
Overførte studielån	1	254 731	261 224	269 058	Overførte studielån		4 204 916	4 302 998	4 402 780
Diverse pengekrav	1	2 354	2 151	5 051	Diverse pengekrav		1 093	103	-
Sum andre kravtypar		257 084	263 375	274 110	Sum andre kravtypar		4 206 009	4 303 101	4 402 780
Sum inntektsført i statsrekneskapen		2 997 489	2 948 952	2 714 070	Sum til innkrevjing for staten		7 202 822	7 043 461	6 937 386
<i>Innkravd for tredjepart</i>					Til innkrevjing for tredjepart				
Skadelidte i straffesakar	2	38 661	36 578	33 693	Skadelidte i straffesakar		909 304	810 513	771 186
Utanlandske styresmaktar	2	2 597	2 592	3 123	Utanlandske styresmaktar		9 050	8 305	10 382
NRK	2	303 128	326 873	291 273	NRK		643 607	611 736	612 190
Toll- og avgiftsdirektoratet	2	100 629	106 549	99 913	Toll- og avgiftsdirektoratet		164 350	161 651	158 955
Finanstilsynet	2	103	452	264 895	Finanstilsynet		747	1 299	2 362
Statens Lånekasse	2	323 064	356 599	376 695	Statens Lånekasse		3 938 402	3 878 389	4 019 128
Andre oppdragsgjevarar	2	2 941	728	1 152	Andre oppdragsgjevarar		9 023	12 067	4 921
Sum innkravd for tredjepart		771 123	830 371	1 070 745	Sum til innkrevjing for tredjepart		5 674 484	5 483 959	5 579 124
Innkravd beløp totalt		3 768 612	3 779 322	3 784 815	Uoppgjort beløp totalt		12 877 306	12 527 421	12 516 510
					Misleghalde beløp lånekassa*		833 708	837 425	862 332
					Uoppgjort beløp korrigert		9 772 612	9 486 456	9 359 714

* Når eit krav er misleghalde hos Statens lånekasse, blir heile kravet sendt over til SI. Likevel er det berre det misleghalde beløpet som skal innkrevjast før kravet blir returnert. Det her beløpet gir difor eit betre bilde av reell status.



Notar til innkrevjingsrekneskapen

1 - Spesifikasjon av beløp inntektsført i statsrekneskapen - Bøter

Heile tusen kr	2013	2012	2011
Automatisk trafikk kontroll	231 831	239 708	255 098
Forenkla førelegg	401 451	425 134	403 461
Vanleg førelegg	440 596	380 606	371 889
Dom	125 221	134 242	138 691
Andre bøter	14 695	15 610	16 137
Sum bøter	1 213 794	1 195 300	1 185 275

Erstatningar

Når skadelidte i ei erstatningssak er ein statlig etat, kan det avtalast at SI skal inntektsføre beløp som blir betalt inn i statsrekneskapen. Det her er likevel unntak, normalt utbetalast beløpet til skadelidte i saka.

Andre straffekrav

Regresskrav	32 186	37 213	24 506
Saksomkostningar i straffesakar	10 181	10 853	11 493
Saksomkostningar i andre sakar	11 542	14 667	19 240
Tvangsmulkt	20 216	17 581	21 419
Sum andre straffekrav	74 124	80 313	76 657

Regresskrav blir pålagt av Kontoret for voldsoffererstatning i sakar kor skadelidte er tilkjent voldsoffererstatning. Når regresskrav blir pålagt, må den som har voldt skade, betale beløpet tilbake til staten.

Saksomkostningar i andre sakar omfattar eigenandelar ved fri rettshjelp og saksomkostningar i sivile og benefiserte sakar. Det her er omkostningar knytt til sakar som blir behandla av domstolane.

Tvangsmulkt kan bli pålagt med heimel i ein rekkje lovar, bl.a. skipstryggleiksloven.

Forseinkingsgebyr

Rekneskapsregisteret i Brønnøysund ileggjar gebyr etter rekneskapsloven § 8-3 dersom rekneskapspliktige ikkje har sendt inn årsrekneskap, årsforteljing og revisjonsforteljing innan fastsatt frist. Styremedlemene i selskapet, evt. deltakarar eller medlemmer og dagleg leiar blir solidarisk ansvarleg for betaling av kravet. SI fakturerer og krevjar inn beløpa.

Rettsgebyr

Det påløper handsamingsgebyr når den alminnelege namsmann tek imot og behandlar oppmoding om utlegg og oppmoding om dom i forliksrådet. SI fakturerer og krevjar inn beløpa.

Sjøfartsgebyr

Ulike typar gebyr for tenester som blir utført av Sjøfartsdirektoratet etter den gebyrforskrifta som gjeld til ein kvar tid. Det dreier seg bl.a. om fyrstegongs gebyr for skip registrert i NIS og NOR, årsgebyr og andre gebyr for bl.a. inspeksjon av skip og utferding av sertifikat. SI krevjar også inn tvangsmulkt og brotsgebyr etter skipstryggleiksloven, se Andre straffekrav og Andre gebyr.

Trafikantsanksjonar

Trafikkgebyr, overlastgebyr og parkeringsgebyr (pålagt av politiet). Manglande bruk av bilbelte er den viktigste årsaka til at folk blir pålagt trafikkgebyr.

Andre gebyr

Dei viktigste kravtypene er brotsgebyr etter bl.a. skipstryggleiksloven, misleghalde gebyr frå Statens kartverk og skjenkeløyvegebyr etter alkoholloven.

Avgift Statens kartverk

Den viktigaste posten her er dokumentavgifta. Dokumentavgifta er ei avgift til staten ved tinglysing av dokument som overfører heimel til fast eigedom. Avgifta blir fastsatt årleg i skatte-, avgifts- og tollvedtaket til Stortinget. SI krevjar inn misleghalde avgifter på vegne av Statens kartverk.

Vegaavgifter

Misleghalde årsavgift på motorvogner. Dei fyrste åra skulle inntekter på den her kravtypen bli inntektsført i statsrekneskapen av SI. Innkravd beløp på nyare krav blir utbetalt til Toll- og avgiftsdirektoratet, mens inntekter på desse gamle krava enno blir inntektsført av SI.

Finanstilsynsavgift

Etter avtale med Finanstilsynet skal SI inntektsføre desse inntektene i statsrekneskapen frå og med 2012. Tidlegare har vi utbetalt pengane til Finanstilsynet.

Overførte studielån

Dersom et studielån blir misleghalde meir enn tre år, blir det permanent overført til SI. Kravet blir tapsført hos Lånekassen ved overføringa, og inntektene blir ført inn i kapittelet til SI i statsrekneskapen.

Diverse pengekrav

Renteinntekter og tilfeldige inntekter.

2 - Spesifikasjon av innkravd beløp for tredjepart

Skadelidte i straffesakar

SI tilbyr innkrevjing av erstatningskrav til skadelidte i saka. Mange privatpersonar takkar ja til den her tenesta. I noen tilfelle kan SI, på grunnlag av dom/rettsavgjerd, tilby innkrevjing av inndragingar på vegne av tredjepart. Bykassébøter blir betalt ofte vidare til tredjepart.

Utanlandske styresmaktar

SI krevjar inn bøter, inndragingar og saksomkostningar frå andre nordiske land med heimel i lov om fullbyrding av nordiske dommar. Innkravd beløp betalast ut til dei landa som har pålagt krava.

NRK

SI krevjar inn misleghalde kringkastingsavgift på vegne av NRK.

Toll- og avgiftsdirektoratet

SI krevjar inn misleghalde årsavgift på motorkjøretøy på vegne av Toll- og avgiftsdirektoratet.

Finanstilsynet

SI krevjar inn finanstilsynsavgift og dagsmulkt på vegne av Finanstilsynet. Til og med 2011 blei innkravd beløp for dei her kravtypene utbetalt til Finanstilsynet.

Statens Lånekasse

SI krevjar inn misleghalde studielån på vegne av Lånekassen. Når skyldnar har betalt misleghalde beløp, blir kravet til Lånekassen returnert.

Andre oppdragsgjevarar

Viktigast her er Forsvarsbygg. SI krevjar inn misleghalde husleige på vegne av Forsvarsbygg. Andre større oppdragsgjevarar er Direktoratet for tryggleik og beredskap (DSB) og Pasientskadenemda.



3 - Spesifikasjon uoppgjorte krav

Heile tusen kr	2013	2012	2011
<i>Bøter</i>			
Automatisk trafikk kontroll	47 482	51 658	58 772
Forenkla førelegg	150 104	153 967	152 224
Vanleg førelegg	531 874	508 040	495 719
Dom	168 134	173 199	180 518
Andre bøter	4 217	3 792	3 017
Sum bøter	901 811	890 656	890 250
<i>Andre straffekrav</i>			
Heile tusen kr	2013	2012	2011
Regresskrav	649 634	348 921	282 620
Saksomkostningar i straffesakar	52 904	46 019	39 307
Saksomkostningar i andre sakar	33 543	33 515	34 291
Tvangsmulkt	78 173	73 422	61 006
Sum andre straffekrav	814 254	501 877	417 225

STATENS INNKREVINGSSENTRAL
Pb 455, 8601 Mo i Rana
Tlf: 75 14 90 00
firmapost@sismo.no
www.statens-innkrevingsentral.no



Statens
innkrevjingsentral

